Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tillegg til nr. 36

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. 36

Herad: Sykkylven

Emne: Måtar å refse folk på

Bygdelag: Sandnesstranda

Oppskr. av: Bertel Bjørlykke

Gard: Sandnes

(adresse): Eidså

G.nr. 103 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A Var det nokon som merkte seg ût eller gjorde noko hine ikkje likte, var det alltid ein kvan som dikta ei vise ûm honom. Her var mange slike „folkeviser" i bygda for eit par mannsaldar sidan. No er dei for det meste gløymde. Eg høyrde berre gjete dei, og ei og onnor strofa. Dei var noko i slekt med „Moldevisa". Éi vond var slik: „Gregars-skåldebråkja (det var kona hans Gregårs) ho var rette knåkja, tok 'ta' seg hûå og synte si lûs, ho var so stor og grå som ei mûs." Eg veit ikkje kva som var ûpphavet til den visa. Dei kvad vise, når det var noko sers. Ofte var det berre som ein „flokk", andre tider kûnne det vera som ei heil dråpa. Dei la flittig ûtnamn på folk.

Ein mann var sers glad i god mat og for mykje på vitjing. Dei kalla honom Bons; men eg veit ikkje kva som låg i det namnet. Dei laga ei heil visa ûm honom.

Ein mann hadde vore til presten og tala ûm nokre gûtar som hadde laga ei stygg teikning, det var med dei gjekk for presten. Då laga dei ei heil vise ûm den mannen og kona, sette tone til og song henne. Det var ~~tett~~ tett fyre 1900. Sidan hev det vorte mindre brûkt, og visene er for det meste gløymde.

Visene kûnne vera både til ære og til vanære.

9866

2. Nei, å reisa pålar uppetter veggene i ei viss meining, det veit eg ikkje eg har høyrt gjete.

Ungdomen kunne nok finna på mange fantestykke, som når dei drog færingen langt fram på marka, kanskje heils upp på vedahustaket, men eg trur ikkje det var nokon viss rettie eller tru med det. Det kunde vera at dei av een eller annan grunn vilde gjera mannen eit por med det.

3. Nei slikt veit eg ikkje um.

B. 4. Det var rekna for mest sømeleg skikk å halda seg heime høgtidsdagane. Noko sers namn på den som braut skikken, det veit eg ikkje. Endå folk sakte var flittige til å leggja utnamn på kvarandre.

5. Til jol skulde alle hava noko nytt. Den som ikkje hadde eit nytt kladeplagg til jol, laut „bera grisefot".

6. Eg veit ikkje um noko serleg namn.

1. Ja, dei tala um å „setja på holm". Den som var so sein i arbeidet at han for på hav, vart sett på holm. Nokon figurar eller veit eg ikkje um.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9866